



Tangen skule - informasjon om elevundersøking

Fyrste august 2017 vart opplæringslova, §9A, endra. Dette er den delen av skulen sitt lovverk som omhandlar elevane sitt skolemiljø. I følgje denne paragrafen er det skulen sitt mandat og plikt å innhente informasjon om elevane sitt læringsmiljø.

I fleire år har Tangen skule gjort seg nytte av elevundersøkinga for klassane 5 - 10. Obligatorisk er ei gjennomføring i klassane på 7. og 9. steget, men vi har hatt eit sterkt ynskje om å fylgje resultatane i klassane over fleire år. Difor har vi valt ei breidare gjennomføring av denne statlege undersøkinga.

For klassane 1 - 4 har vi utarbeidd ein enklare variant, som vi har nytta like mange år.

Læringssenteret i Stavanger, ved professor Knut Roland, har utarbeidd ei systematisk spørjeundersøking, Spekter, som svært mange skular i landet gjer seg nytte av. Undersøkinga er anbefalt av Utdanningsdirektoratet. Ved å ta i bruk denne undersøkinga, kan skulen få opplysning om mobbing, bråk i klassen, popularitet, maktrelasjonar, grupperingar og haldningar. Undersøkinga er direkte i forma, og utfordrar elevane på fleire felt.

Den er ikkje-anonym, og svara kan nyttast som samtalegrunn mellom elev, føresette og lærar. Det vil sjølv sagt ikkje bli opplyst til andre kva den einskilde elev har svart.

Skulane i Årdal vil i nærmaste framtid gjennomføre denne undersøkinga i papirform, og det er planen å gjere dette to gonger kvart skuleår. Informasjonen ein får fram, vil kun bli nytta lokalt på den einskilde skule. Det vil ikkje bli opplyst om konkret tidspunkt for når skulen held denne undersøkinga, då ein meiner det er viktig at elevar ikkje får snakka saman om granskingsa.

Tangen skule, 01.10.2018